



Ål kommune

# Informasjonsbrosjyre om utvida eigedomsskatt i Ål kommune



# *Informasjon om eigedomsskatt*

## **Bakgrunn**

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som den enkelte kommune kan skrive ut.

Det er den einaste skatten som kommunen sjølv har styring med, og kor skatteinntektene i heilskap går til kommunen. Ål har frå før eigedomsskatt på verk og bruk, dvs for større produksjonsverksemdar.

Kommunestyret i Ål vedtok i møte 17. desember 2015, sak 103/15:

*Det budsjetterast med 2,5 mill. kr i taksering av eigedom i 2016, med formål om innføring av generell eigedomsskatt frå 1. januar 2017*

## **Om eigedomsskatt**

Verditaksten på eigedomen dannar grunnlaget for skatteutrekninga.

Den kommunale eigedomsskatten har ikkje noko med Skatteetaten sine likningsverdiar å gjere. Taksten som setjast, skal spegle ein truleg marknadsvardi slik det står i eigedomsskattelova. Kommunane kan etter lova frita særskilte eigedomar for eigedomsskatt og innføre botnfrådrag for bueingar.

Kommunestyret fastset i samband med handsaming av budsjettet kvart år, kva for satsar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for komande år.

Dette betyr at alle eigedomar skal takserast. For verk og bruk, samt næring vil forslag til skatt bli gjort av innleigde eksterne takstfolk. Alle innan desse kategoriane vil bli kontakta direkte. Denne brosjyra er særskilt skrivi for bustader, landbrukseigedomar og hytter.

## **Retningslinjer for taksering**

Ål kommune har valt sakkunnig nemnd og klagenemnd. Sakkunnig nemnd og klagenemnd er politisk valde. Sakkunnig nemnd har ansvar for takseringsarbeidet og fastsetjing av eigedomsskattegrunnlaget gjennom egne reglar for taksering. Når rammer og retningslinjer for taksering er endeleg vedteke, vert desse tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

## **Kva skal/kan takserast?**

- Bustader/Leilegheiter
- Våningshus på gard
- Garasje, uthus og anneks
- Hytte/fritidsbustad
- Næringsbygg
- Verk og bruk
- Lagerbygning
- Tomter

*Kor stor skatten blir, blir ikkje kjent før i mars 2017*

## **Eigedomsskatt på hus og hytter – prinsipp for taksering**


Omsetjingsverdi av eigedomen er målet for taksten. Det blir nytta ein forenkla metode (sjablon) for å kome så nær omsetjingsverdi som mogleg, den byggjer på:

- Areal -oppmålt areal av bygningar og data henta frå det offentlege eigedomsregisteret, matrikkelen.
- Kor bygningane ligg i kommunen – soner etter prisnivå i området der eigedomen ligg (sone faktor).
- Tilstanden til hus og tomt – mellom anna byggeår, vedlikehald, oppgradering (indre faktor)
- Særlege tilhøve som t.d. utsett for støy pga nærleik til jernbane eller riksvveg (ytre faktor)
- Evt andre tilhøve som påverkar omsetjingsverdien

Dei detaljerte reglane for korleis desse tilhøva vert vektlagde blir fyrst gjort kjent når taksten vert offentleggjort i mars 2017.

## **Saksgang**

- Utvendig synfaring av eigedomane med oppmåling av bygningar, fotografering og forslag til vurdering (april-september 2016). Om du ynskjer å delta på synfaringa, ta kontakt med kommunen (sjå kontaktinformasjon under)
- Eigar får tilsendt kva arealgrunnlag kommunen brukar for å rekne ut eigedomsskatt på eigedomen (hausten 2016)



- Eigar har høve til å gi attendemelding innan oppgitt frist viss arealgrunnlaget ikkje stemmer (hausten 2016)
- Klarlegging av takstar i takstnemnd basert på forslag frå synfaring, vurdering av bilete og korrigeringar av arealgrunnlag. Vurdering i forhold til kjente omsetningsverdiar i området m.m.
- Utsending av takst med faktura for innbetaling av eigedomsskatt (1. mars 2017)
- Klagefrist på taksten (1. april 2017)

## Landbrukseigedomar

Eigedomar som vert drivne som gards- eller skogsbruk har obligatorisk fritak for eigedomsskatt, med unntak for bustad, garasje, fritidsbustad og næringsbygg for anna formål.

## Informasjon til deg

Du vil i løpet av hausten 2016 få tilsendt detaljert informasjon om arealgrunnlaget for eigedomen din, og du kan kome med innspel til korrigeringar av faktafeil. I mars 2017 vil du få tilsendt skattesetel med informasjon om takseringsgrunnlaget. Takst og utrekna eigedomsskatt vert lagt ut til offentleg ettersyn innan 1. mars 2017.

## Du finn meir informasjon på:

Web: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)  
Adr: Eigedomsskattekontoret  
Torget 1, 3570 Ål  
Tlf: Servicetorget - 32 08 50 00  
E-post: [eigedomsskatt@aal.kommune.no](mailto:eigedomsskatt@aal.kommune.no)

*Merk all skrifteleg kontakt med eigedomsskatt, namn, telefonnummer og gards- og bruksnummer og/eller vegadresse.*

